Velkomen til den 35. Romjulscupen - 2026

27. desember - 29. desember inviterer Bulken igjen til romjulscup i Voss Idrettshall. Me har i år arrangert cupen i 35 år!

Romjulscup i innandørsfotball har følgjande klassar:

A/B Herrar kun 16.plassar tilgjengelig
C Damer
D Herrar mosjon
E Damer mosjon
F Gutar fødd 2011/2012
G Jenter fødd 2011/2012
H Smågutar fødd 2013/2014
I Småjenter fødd 2013/2014

Lag som har spelarar som har spele divisjonsfotball i 2026 må melda seg på i A/B og C-klassen. Spelarar som er 35 eller eldre kan delta i D og E-klassen,

Etter innleiande kampar i A/B-klassen går 8 lag til A sluttspel og 8 lag til B sluttspel (med atterhald om nok påmld).

Bedriftsidrettslag, venegjengar og andre vert invitert til å melde seg på i klassane herrar og damer mosjon. Laga må sjølve ved påmelding markera kva klasse ein ynskjer å delta i. Arrangøren tek likevel atterhald om å kunna gjera endeleg rangering av laga.
Ved lite lag påmeldt i C-damer og E-damer mosjon blir desse satt opp med kampar mot kvarandre.

I klassane F, G, H og I, ope Vossameisterskap i innandørsfotball, kan kvar klubb kan melde på så mange lag dei vil i kvar klasse.

Speleprogram
Med atterhald om påmelding, tek vi sikte på at kvart einskild lag skal få minst 3 kampar.
Vossameisterskapen (klassane F, G, H og I) vert avvikla 3. joledag.
Mosjonsklassane og klasse C vert avvikla 4. joledag.
Dersom stor påmelding i A/B-klassen vert det innleiande kampar 4. joladag.
Speleprogrammet vert annonsert på www.bulkenil.no i god tid før jol. Ver difor nøye med å halde fristen (10des).

Påmeldingsavgift
Betalast til Bulken IL sin konto. Påmeldingsavgifta må vere betalt før første kamp.
A, B, C, D, E: kr 2200, - per lag
F, G, H, I: kr 1300, - per lag

Speletid
Klasse A, B, C, D og E: 1 x 18 min utan pause.
Klasse F, G, H, I: 1 x 13 min utan pause.
Spelarar pr. lag
Klassane A, B, C, D og E: Keeper + 4 utespelarar.
Klassane F. G, H, I: Keeper + 4 utespelarar
Det er lov å nytta så mange innbytarar ein vil i kvar kamp. Flygande innbyte.

Reglar
Dommarar vil bli sett opp av arrangør. Turneringa vil bli spelt i samsvar med Norges Fotballforbunds reglar for innandørsfotball. Det blir nedsett ein jury samansett av turneringsleiar + 2 frå andre lag.
Det er kun spelara og 1 trenar på benken. Resten må holde seg på tribunen!

Puljer
Laga vil i størst mogeleg utstrekning verta fordelt på puljer à 4 lag som spelar enkel serie. Dei to beste laga vil gå til sluttspelet som vil verta spela som cup.

Utstyr
Arrangøren held ballar. Når det gjeld drakter ber vi om at kvart lag syter for å ta med to draktsett i ulike fargar. NB! Berre joggesko med lys såle kan nyttast i hallen. Spelarar med vanlege fotballsko eller sko med mørk såle vil såleis ikkje få høve til å spela. Spelarar utan leggskinn får ikkje spela.

Premiering
Premiering til vinnar av kvar klasse. Beste keeper, beste spelar og toppscorar i klassane A, B og C. Beste spelar og toppscorar i klassane D, E, F, G, H og I.

Påmelding
Påmelding sendes til fotball@bulkenil.no innan 10.desember. Lag som ikkje har betalt får ikkje spela. Opplysningar om turneringa, påmelding etc. får du av turneringsleiar Øystein Nestås Berge på tlf: 97770536

Velkomen til Romjulscup!

Med helsing Bulken IL - Fotball

hummel
sport 1 Sporten Voss
VOSS SPAREBANK
Voss Fiber
Voss Energi